

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
057/14	Formannskapet	PS	19.03.2014
	Kommunestyret	PS	

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Kari Torkildsen Utkilen	FE - 223, FE - &00	14/406

### Retningsliner for tildeling til dugnad ved større arrangement

#### Vedlegg:

retningsliner for tildeling av tilskot til dugnad ved større arrangement  
skjema utbetaling av horrorar for dugnad ved større arrangement  
skjema søknad om tilskot til dugnad ved større arrangement

#### Framlegg til vedtak:

Austrheim kommune innførar ordninga med tilskot til dugnad ved større arrangement, og tilskotet vert tildelt etter «Retningsliner for tildeling av tilskot til dugnad ved større arrangement».

#### Formannskapet - 057/14

#### FS - behandling:

Framlegg frå ordføraren:

Rådmannen sitt framlegg vart samråystes tilrådd med følgjande nytt pkt. 3 i retningslinene:

Fordelinga av tilskotet vert primeært fordelt etter følgjande nøkkelta:

- Havsport inntil 75 %
- Andre 25%

#### FS - vedtak:

Austrheim kommune innførar ordninga med tilskot til dugnad ved større arrangement, og tilskotet vert tildelt etter «Retningsliner for tildeling av tilskot til dugnad ved større arrangement». Nytt pkt. 3 i retninglinene:

Fordelinga av tilskotet vert primeært fordelt etter følgjande nøkkeltal:

- Havsport inntil 75 %

- Andre 25%

## Saksopplysninger:

### Bakgrunn

Tilskot til dugnad ved større arrangement er ein ordning som har utvikla seg gjennom fleire år med Havsportsveke. I budsjettet 2014 vart det overført kr 100.000 til kulturavdelinga til dette formålet med tekstu «Dugnad ved større arrangement».

### Vurdering

Det er ein god ordning for lag og organisasjonar som nå er tenkt til større arrangement, og ikkje berre til Havsportsveka. Kulturavdelinga har delegert ansvar ved tildeling av ulike tilskot. «Kulturmidlar» og «tilskot til tiltak barn og unge» vert tildelt etter retningsliner vedteke i kommunestyret i 2007.

Det er oppretta ein komité for tildelinga: Emma Hjelmtveit, Rigmor Ludvigsen, Jan Olav Osen og Kari Torkildsen Utkilen. Det er kulturleiar som sakhandsamar tilskota. Kommunen har system for utlysing av større tilskot, søknadsskjema og utbetaling.

Ordninga med «tilskot til dugnad ved større arrangement» vil bli tildelt etter same lest som kulturmidlar, og det er laga forslag til retningsliner, søknadsskjema og skjema for utbetaling av honorar for dugnaden (vedlegg). Det er arrangør av større arrangement som søker om tilskot innan annonser frist, og arrangør vil få tilsegn om tilskot. Etter at arrangementet er gjennomført må lag/org. som har gjort dugnaden fylle ut dugnadsskjema som vert underteikna av lag/org. og arrangør.

Kravet om utbetaling av honorar må stillast innan to månader etter avvikling av arrangementet. Honoraret vert utbetalt etter dugnadstimar, og ikkje ut over tilsegn som er tildelt arrangør. Dersom det visar seg at det var behov for mindre dugnad enn tilsegna som vart tildelt, vil dette ikkje bli utbetalt til arrangør. Ubrukte midlar vert brukt til ordninga «tilskot til dugnad ved større arrangement» med annen gangs utlysing. Første søknadsfrist er i starten av mai, og fell saman med

andre tilskotsordningar. Rest av midlar kan tildelast i november.

I retningsliner pkt 3 er nøkkeltal for fordelinga av tilskotet satt til 75% til Havsportsveka og 25% til andre større arrangement.

### **Konklusjon**

Austrheim kommune innførar ordninga med tilskot til dugnad ved større arrangement, og tilskotet vert tildelt etter «Retningsliner for tildeling av tilskot til dugnad ved større arrangement».